

MØTEPROTOKOLL EIGEDOMSUTVALET

Møtedato: 18.06.2026
Møtestad: Ordfører sitt kontor

Møtetid: 15:00 - 15:48
Behandla saker: 01-05/2026

Møteleiar:	Parti:
Terje Søviknes	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Helge Steinum	Ap
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Terje Søviknes	FrP

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Emil Tetlie Brimsholm	H

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H

Frå administrasjonen møtte:
Kommunedirektør Arild M. Steine, eigedomsforvaltar Roger N. Johannessen og rådgivar Ingrid E. Tøsdal.
Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
01/2026	26/5359 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
02/2026	26/1782 Ynskje om kjøpa av tilleggsareal
03/2026	25/24045 54/741, Industrivegen 96 - Sal av tilleggsareal
04/2026	26/3499 Sal av mindre areal på gnr. 53 bnr. 7 i Kolskogheiane
05/2026	26/5359 Politisk kvarter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 18.09.2025 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 01/2026, EIGEDOMSUTVALET 18.06.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 15:00

Innkallinga blei godkjent.

Merknader til protokollen:

- Helge Steinum (AP) tok opp spørsmål om protokollering av e-post handsaming av Sal av Holdhus barnehage. Adm. undersøker saka.

Møteprotokoll frå 18.09.2025 blei godkjent.

Merknader til saklista:

- Det er ingen innkomne spørsmål i sak 05/2026 politisk kvarter. Saka utgår.

Saklista blei godkjent med marknader.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 18.09.2025 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med merknader.

02/2026 - YNSKJE OM KJØPA AV TILLEGGSAREAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eigedomsutvalet vedtar følgande:

- Bjørnafjorden kommune avslår søknad frå eigarane av gnr. 63 bnr. 448 og gnr. 63 bnr. 77 om kjøp av areal frå gnr. 63 bnr. 196 i Hamnevegen. Saka kan takast opp att til ny vurdering når reguleringssituasjonen i området er avklart.

Behandling og vedtak i sak 02/2026, EIGEDOMSUTVALET 18.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Eigedomsutvalet vedtar følgande:

Bjørnafjorden kommune avslår søknad frå eigarane av gnr. 63 bnr. 448 og gnr. 63 bnr. 77 om kjøp av areal frå gnr. 63 bnr. 196 i Hamnevegen. Saka kan takast opp att til ny vurdering når reguleringssituasjonen i området er avklart.

03/2026 - 54/741, INDUSTRIVEGEN 96 - SAL AV TILLEGGSAREAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Bjørnafjorden kommune godkjenner sal av tilleggsareal frå gnr. 54 bnr. 215 til ASVO Bjørnafjorden AS.
- Arealet vert seld til takstfastsett pris kr 2 500 per m², i tråd med kommunestyrevedtak sak 143/2020 punkt 1 c.
- Endeleg areal vert fastsett ved oppmåling før gjennomføring av salet.
- Kostnader knytt til frådeling, oppmåling og tinglysing vert dekkja av kjøpar.

Behandling og vedtak i sak 03/2026, EIGEDOMSUTVALET 18.06.2026

Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet endring første kulepunkt

Bjørnafjorden kommune godkjenner sal av tilleggsareal frå gnr. 54 bnr. 215 til ASVO Bjørnafjorden AS. Kommunedirektøren får fullmakt til å definera endeleg storleik på tilleggsarealet basert på kva areal ASVO Bjørnafjorden AS ynskjer å kjøpa.

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med tilhøyrande endringsforslag fremma av Terje Søviknes, FrP blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

- Bjørnafjorden kommune godkjenner sal av tilleggsareal frå gnr. 54 bnr. 215 til ASVO Bjørnafjorden AS. Kommunedirektøren får fullmakt til å definera endeleg storleik på tilleggsarealet basert på kva areal ASVO Bjørnafjorden AS ynskjer å kjøpa.
 - Arealet vert seld til takstfastsett pris kr 2 500 per m², i tråd med kommunestyrevedtak sak 143/2020 punkt 1 c.
 - Endeleg areal vert fastsett ved oppmåling før gjennomføring av salet.
- Kostnader knytt til frådeling, oppmåling og tinglysing vert dekkja av kjøpar.

04/2026 - SAL AV MINDRE AREAL PÅ GNR. 53 BNR. 7 I KOLSKOGHEIANE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eigedomsutvalet vedtar følgande:

1. Bjørnafjorden kommune sel om lag 900 m² av eigedomen gnr. 53 bnr. 7 på Kolskogheiane til Kolskogheiane Næringspark AS.
2. Kjøpesum vert fastsett til 2 500 kroner per kvadratmeter.

3. Kjøpar skal dekke alle kostnader knytte til frådeling, oppmåling, tinglysing og andre omkostningar ved overdraginga.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra salet og inngå naudsynte avtalar.

Behandling og vedtak i sak 04/2026, EIGEDOMSUTVALET 18.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei heva kl. 15:48.

Vedtak:

Eigedomsutvalet vedtar følgande:

1. Bjørnafjorden kommune sel om lag 900 m² av eigedomen gnr. 53 bnr. 7 på Kolskogheiane til Kolskogheiane Næringspark AS.
2. Kjøpesum vert fastsett til 2 500 kroner per kvadratmeter.
3. Kjøpar skal dekke alle kostnader knytte til frådeling, oppmåling, tinglysing og andre omkostningar ved overdraginga.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra salet og inngå naudsynte avtalar.

05/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 05/2026, EIGEDOMSUTVALET 18.06.2026

Behandling:

Det er ingen innkomne spørsmål til politisk kvarter. Saka utgår

Vedtak:

Saka utgår.